

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Andre milepåler ville i eit tradisjonelt tilbodssystem kunne gje lengre tid til prosjektering av byggherren, altså Staten, ved Statens vegvesen, før anbod vert sendt ut til entreprenør for prising og bygging. Det er med andre ord ikkje sikkert at bygging av Sotrasambandet ville vore i gang no dersom ein slik strategi vart lagt til grunn.

Samla tid til prosjektering og bygging kan i teorien gå ned i eit OPS-regime, sidan same entreprenør har ansvar for heile prosessen, og kan kjøre nokre av prosessane parallelt. Da må rammene for kontrakten vere klare frå byrjinga, og det kan sjå ut til at dette har tatt tid.

Til spørsmål om båtsamband mellom Sotra og Bergen vil eg gje slikt svar.

Skyss har gjennomført ei utgreiing om mogleg båtsamband mellom Sotra og Bergen, der rapport frå arbeidet nyleg er gjort ferdig. Kommunane i vest, samt Bergen kommune og Statens Vegvesen har vore involvert og gitt innspel i arbeidet. Det er planlagt ei munnleg orientering om resultatata i rapporten i komande MISA, 13. mars 2019. Rapporten vil deretter bli lagt fram for utvala.»